

---

Saksnr: 2020/52293-9  
Saksbehandlar: Torbjørn Hasund

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.11.2020

## Fråsegn til endring av kommunedelplan for Dale, Fjaler kommune

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ser på utviding av gravplassen på Øyrane som ei god og føremålstenleg løysing for Dale.
2. Tiltakshavar si undersøkingsplikt etter kulturminnelova må gjennomførast i dei nye utbyggingsområda for å avklare forholdet til automatisk freda kulturminne.
3. Det bør leggjast til rette for gjenbruk av matjorda som vert fjerna frå Øyrane og Vollamyra ved utbygging.

### Samandrag

Etter Reglement for folkevalde organ og delegering punkt 42 om plan og bygningslova, er det fylkesutvalet som har mynde til å uttale seg om kommuneplanen sin arealdel. Saka gjeld ein kommunedelplan, og er etter fylkesrådmannen si vurdering ei vesentleg endring.

Dale har behov for å utvide gravplassen, og det er ikkje rom for utviding der den ligg i dag. Den nye gravplassen vert lokalisert i nær tilknytning til eksisterande gravplass ved Dale kyrkje. Det er problemstillingar knytt til moglege funn av kulturminne, og også til vassmiljø og jordvern.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Planomtale
- 2 Føresegner
- 3 Plankart
- 4 ROS-analyse

## Saksutgreiing

### BAKGRUNN FOR SAKA


Dale kyrkje og kyrkjegard ligg ved utløpet av Storelva. Ein natursteinsmur dannar vern mot elva. Den gamle gravplassen er snart oppbrukt og Dale treng ny gravplass. Eksisterande gravplass ligg klemt mellom veggen og elva og kan ikkje utvidast.

Eksisterande gravplass oppfyller ikkje kravet i lov om gravplass § 2, som seier at det i kvar kommune skal vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ei kvar tid er ledige graver for minst 3 % av kommunen sine innbyggjarar.

I eksisterande kommunedelplan for Dale frå 2015, er det avsett areal til ny gravplass ved Vollamyra.

Seinare i 2015 vedtok kommunestyret å starte opp arbeid med å endre lokalisering av gravplass til Øyra i staden for Vollamyra. Endringa inneber også avsetting av areal langs Storelva til flaumvoll og erosjonssikring.

Området på Vollamyra skal settast av til framtidig kombinert arealføremål tenesteyting/bustad.



Planavgrensning på ortofoto

Det er gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med planarbeidet. ROS-analyse avdekkar eit behov for flaumsikring av Storelva og Hatledalselva, og byggegrense mot elv som følgje av erosjon. Dette er følgt opp i plankart og føresegnar, der det er sett av areal til flaumvoll langs Storelva.

### VEDTAKSKOMPETANSE

Etter Reglement for folkevalde organ og delegering pkt. 42 om plan og bygningslova, er det fylkesutvalet som har mynde til å uttale seg om kommuneplanen sin arealdel. Etter lova er kommunedelplan same plantype som arealdelen. Då dette etter fylkesrådmannen si vurdering er ei vesentleg endring, ligg det til fylkesutvalet å gje uttale.

### VURDERINGAR OG VERKNADER

Arbeidet med endring av kommunedelplanen vart varsla i februar 2016, og ei utviding av plangrensa var på høyring i mai -juni i år. Til desse høyringane gav vi fråsegner knytt til kulturminne og vassmiljø.

### Kulturminnefagleg fråsegn

Det er i dag ikkje kjente automatisk freda kulturminne i planområdet. Dei to areala Vollamyra og Øyra har likevel potensiale for denne type kulturminne. Arealane har potensiale for funn av gardstun og åkrar i samband med gardsbusetnad i førhistorisk tid og mellomalder.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. lov om kulturminne § 9 må gjennomførast i områda for å avklare forholdet til automatisk freda kulturminne. Det må gjerast i samband med utarbeidinga av detaljplan for dei to områda. Dersom det skulle bli vurdert å gje dispensasjon frå plankrav e.l., må saka leggast fram for avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv i fylkeskommunen.

Utifrå det som er gjort greie for knytt til kulturminne og tiltakshavar si undersøkingsplikt, gjer fylkesrådmannen merksam på at vi formelt sett ikkje kan seie oss samd i arealbruken i kommunedelplanen.

### **Vassmiljø**

Avrenning er i liten grad nemnt. Men det er på side 55 i planomtalen, i kommunen si vurdering av merknad til oppstart frå Elvetun barnehage sagt at: «Forhold knytt til utforming, utslepp, drenering og liknande vil avklarast i detaljprosjektering og detaljreguleringsplanen». Då det i føresegnene er sett krav om detaljreguleringsplan innanfor sone markert med #1 har vi ikkje vesentlege merknader til eit slikt grep. Men det føreset likevel at kommunen, alt no på kommuneplannivå, veit med rimeleg sikkerheit at utslepp og drenering kan løysast innanfor dette området, og på ein måte som er i tråd med gravferdsforskrifta § 8.

### **Jordvern**

Delar av området på Øyra, langs Storelva, er i dag fulldyrka jord. Området er lite, usamanhengande og ligg plassert midt i Dale sentrum. Det vert difor vurdert til å ha mindre verdi som landbruksareal.

Området på Vollamyra er hovudsakleg fulldyrka jord, med unntak av skråning mot Fv. 57. Området ligg nært tilknytt landbruksareal på Steia og ved Jarstadvegen, men Hatledalselva skil området frå det større landsbruksarealet på Steia. Området er i kommunedelplan for Dale allereie avsett til framtidig gravplass, så jordbruksarealet er allereie omdisponert til utbyggingsføremål.

Det bør likevel leggjast til rette for gjenbruk av jorda. Og dette må gjerast på rett måte, der ein tek omsyn til dei ulike jordlaga. Staden jorda skal til, må og vere eigna for å ta i mot jord. Norsk Landbruksrådgiving har i samarbeid med NIBIO utarbeidd handboka [«Jordmassar - frå problem til ressurs»](#).

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Temaet er ikkje relevant i høve utslepp av klimagassar. Når det gjeld klimatilpassing er det gjennomført flaumfarekartleggingar. Dei viser at Øyra vil stå under vatn ved ein 200-årsflaum inkludert 40% klimapåslag. Det er i føresegnene sett krav i form av rekkjefølgjeføresegner at før ny gravplass kan takast i bruk skal området flaumsikrast med flaumvoll.

**Folkehelse:** Det er sett krav til universell utforming i føresegnene.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### **Konklusjon**

Den nye gravplassen vert lokalisert i nær tilknytning til eksisterande gravplass ved Dale kyrkje, og vil verte ei god og føremålstenleg løysing for Dale, også med tanke på drift og vedlikehald av gravplassane. Undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 må gjennomførast i samband med utarbeiding av detaljplan for dei to områda. Kommunen må i samband med pågåande planarbeid få klarheit i om utslepp og drenering kan løysast innanfor det planlagt nye gravplassområdet, og på ein måte som er i tråd med gravferdsforskrifta § 8.